



Gode Lionsvenner i 104C

Månadsbrev mars 2021

" Dere , nå røyner det på" sa kongen i påskehelsinga til folket. Det kunne ikkje vore sagt betre. Ja, det røyner på for veldig mange no, meg sjølv inkludert. Me får berre prøva å finna glede i at våren er på veg og ha tru på at det ikkje kan vera så lenge til alt blir normalt igjen.

Klubb og sone

Tilbakemeldingar frå klubbar og sonar er at klubbmøta stort sett er avlyste. Nokre klubbar og sonar har møtst digitalt. Det er ei alternativ løysing men kan ikkje målast med fysiske møte. Eg var så heldig å bli invitert til LC Norheimsund sitt klubbmøte i mars. Det var så utruleg kjekt å kjenna på korleis det ein gong var. Så hald ut.

Det gler meg å lesa om at mange klubbar spreier påskeglede til bebuarar på institusjonar og ikkje minst om LC Sveio som stilte opp for ein vanskelegstilt familie. " Kindness Matters".

Bruk gjerne tida framover no til å snakka med potensielle nye medlemmer. Det å få nye medlemmer er ein prosess som ein må jobba med heile tida. Snakk om dei gode aktivitetane våre og ikkje minst om kva Lions har betydd for deg. Fortel om kva som gjer deg stolt og kvifor du er medlem i Lions. Ingen ting har betre effekt enn den gode historia som går frå hjarta til hjarta. Me har alle slike opplevingar som Lionsmedlemmer. Del dei og bruk dei i medlemsverving. Ta gjerne kontakt med medlemsansvarleg

GMT i Distriktet, Jarle Rognstad, for hjelp og råd til verving. jarle.rognstad@gmail.com

Distriktet

Distriktsmøtet 2021 er planlagt gjennomført på Quality Hotel Edvard Grieg, 17. april.

Med dei nye smittevernsreglane som tredde i kraft 24. mars ser me oss nøydde til å køyra møtet digitalt. Desse reglane gjeld i første omgang i tre veker og då er det berre nokre få dagar igjen til Distriktsmøte. Kva som kjem av påbod og anbefalingar då, er ikkje godt å sei. Alle som har meldt seg på fysisk vil få tilbod om å delta digitalt.

Dette er berre så trist og sterkt beklageleg. Distriktsstyret, møteleiar og teknisk ansvarlege vil vera tilstades under heile møtet. I tillegg vil også spesielt inviterte personar som har oppgåver under Distriktsmøte delta.

Det eg vil føreslå for klubbane er at dei medlemmene som kan og vil, møtest i klubblokalet og saman kan følgja Distriktsmøtet digitalt. Det kan vera både nyttig, kjekt og sosialt.

Det er enno mulig å melda seg på til Distriktsmøte og delta digitalt. Følg lenka under.

<https://lions104e6.portal.styreweb.com/arrangement/ArrangementSession2?ID=DM104C>

Siste frist er 5. april.

Distriktsmøtepapira er lagt ut og de finn dei på Gnist eller ved å følgja lenka under.

[Gnist - Artikkel \(styreweb.com\)](http://Gnist - Artikkel (styreweb.com))

Distriktsmøte skal i år godkjenna nye lover for Distrikt 104C. Elles er det dei vanlege Distriktsmøte -sakene. Eg set pris på tilbakemeldingar før distriktsmøtet slik at eventuelle misforståingar og spørsmål til distriktsmøtepapira kanskje kan løysast på førehand. Sidan møtet er digitalt kan lange diskusjonar bli ei utfordring. Så langt råd er, vil det bli mulig å koma med innlegg og kommentarar under møtet.

Valet vil sjølvsagt også bli digitalt. Delegatane vil få tilsendt e-post der dei skal stemma. Valet er sjølvsagt anonymt. Dette vil delegatane få nærare informasjon om.

Styre- og rådsmøte 5.-7. mars i Haugesund.

Me hadde gode møte denne helga. Haugesund hadde innført lokale smittevernsreglar som gjorde at berre 10 personar kunne møta. Resten måtte følgja møtet på Teams.

Kor lojale er me?

Ei av sakene som vart diskutert var lojaliteten til klubbane når det gjeld å støtta opp om vedtak som er fatta på demokratisk vis i organisasjonen vår. Ein opplever at klubbar heller støttar opp om andre organisasjonar enn å bidra til våre egne aktivitetar. Dette synest eg er trist. "Me er autonome", er ein gjenganger. Ja, i enkelte saker er klubben det. Men som ein del av Lions International må klubbane innordna seg etter lovleg fatta vedtak.

Soneprosjekt var også på agendaen.

Med eit soneprosjekt kan ein bidra med ein større sum til eit godt prosjekt, i tillegg til at det styrkar samholdet i sona. Rådsmøte kom fram til at me trong retningslinjer for soneprosjekt. Det vart litt for lita tid til å få dette inn i "Arbeidsordninga" til Distriktsmøte i år. Lovkomiteen vil arbeida med forslaget fram til Distriktsmøte 2022. Det me var samde om var at eit soneprosjekt må vera forankra i alle klubbane i sona og at prosjektet skal vera relatert til Lions. Det kan for eksempel vera å gje ein brønn til ein landsby som treng reint vatn. Som de veit. Reint vatn endrar alt.

Nytt hovudprosjekt utland for MD104

Annette Pemmer informerte engasjert om prosjektet. Me skal byggja vidare på det me allereie har. Først i Uganda. Her er mange delprosjekt som sonar og klubbar kan bidra til og på den måten kjenna på eit eigarskap til prosjektet. Noko som eg trur eg veldig viktig. Dette blir så bra og veldig spennande å sjå alt me kan få til saman.

Neste år

Som de alle veit så er Annette tilsett som utanlandssjef i Lions Norge og dagleg leiar i LAN. Av den grunn sa ho frå seg vervet som VDG1. Med velsigning frå Oak Brook og styret i distriktet, utpeikte IPDG Oddvar Dalane meg som VDG1 og at eg fortset som DG resten av 2020-2021. Eg er veldig takknemleg for det og gler meg over at eg kan bli utpeikt som DG eit år til.



Tulipanaksjon den 24. april 2021.

Tulipanaksjonen i år er ganske redusert over heile landet. Mange klubbar har valt den vekk på grunn av pandemien. Det vil gå ut over aktiviteten til "Mitt valg". Derfor håpar eg at klubbane som ikkje har tulipanaksjon i år, betalar inn ein sum til tulipanfondet slik som det vart gjort i fjor.

Lykke til med aksjonen til dei klubbane som stiller på stand.

Convention-parade i Bergen

Som de veit så blir Convention 2021 også digitalt. Convention skulle vore i Montreal - Canada. Eit av høgdepunkta under Convention er paraden. Det blir parade i år også, men virtuelt sjølv sagt. Distriktet vårt skal laga Lions Norge sitt innslag. Dette vil skje i Bergen 10. april. Me håpte på å få det til på Bryggen, men no blir det på Alvøen Hovedgård. Paraden skal filmast og sendast til redigering i Finland der dei skal gjera ferdig det nordiske bidraget. Det er snakk om eit opptak på maks eit minutt. Mykje styr for eit minutt, men veldig kjekt at distriktet vårt fekk denne oppgåva.



Grunnen til at me i 104C har fått oppdraget, er at **PID Svein Berntsen** frå LC Askøy. stiller som kandidat til vervet som 3. VIP (3. vise internasjonale president) og Lions Norge vil at han skal vera sentral i prosesjonen. Dette er ein unik sjanse til å visa fram litt av Bergen og ikkje minst at me heiar på Svein. Det er gått ut invitasjon til klubbane i Bergensområdet om å delta i prosesjonen.

Convention- paraden i Fukuoka- Japan 2016

Lion Mints




"Løp og kjøp"

Som eg skreiv om sist, så har Lions Norge bestemt seg for å avvikla salet av Lion Mints. Derfor blir restlageret tilbudt klubbane for kr 490 pr kartong inkl. frakt. Dette er kjempebillig. Under kr 1 pr. rull. Klubben kan

selja minten og få kjærkomne kroner i aktivitetskassen eller bruka den som "giveaway" på stand. Her er det "førstemann til mølla" - prinsippet som gjeld. Minter er kjempegod.

Ta kontakt på mint@lions.no for bestilling.



Til slutt denne gongen vil eg gjerne gje Helen Keller litt plass i månadsbrevet. Det for å minna oss på at " Øyehelse" framleis er ein viktig aktivitet i Lions. Hellen Keller har betydd mykje for organisasjonen vår. På Convention i 1925 utfordra ho Lions om å bli "Dei blinde sin riddar". Eit rungande JA, var svaret. Slik vart ein av Lions sine fanesaker starta. **Følg lenka og sjå filmen " Knights of the blind"** <https://www.youtube.com/watch?v=gN8kr8y7dHs>

Beste Lionshelsing og ønske om ei fin påskehelg til alle frå Gunnhild

Distriktsguvernør 104C 2020-2021

Telefon: 90 79 67 47 - e-post: c.dg@lions.no